



Framsida av Harald Sætre si 4. bok: 61 VETERANBÅTAR PÅ VESTLANDET.

Boka 61 VETERANBÅTAR PÅ VESTLANDET vert lansert på Hamnadagane og Kysten si landsstemne i Haugesund i helga. Boka er Harald Sætre si 4 bok om veteranbåtar og fartyvern. Kapabel forlag med Otto Ertsland er utgjevar. Sætre er frå Uskedalen. Det vert arbeidd med å finna ei høveleg tid der forfattaren kjem til heimbygda for sal og presentasjon.

Harald Sætre (69) har sidan guttedagane interessert seg for rutebåtar, ferjer og samferdsle på sjøen. Han har store kunnskapar og store mengder arkivmateriale om HSD og lokal rutefart. Harald Sætre har før skrive bøkene Damp,diesel og pågangsmot, Fram og tilbake over fjorden og Fram og tilbake til byen. I tillegg har han skrive ei rekkje artiklar om lokalrutebåtane i Hordaland og vore aktiv med føredrag i ulike maritime miljø.

Den fjerde boka 61 VETERANBÅTAR PÅ VESTLANDET handlar om dei mest sentrale veteranbåtane frå fylka Rogaland, Hordaland og Sogn og Fjordane. Utvalet er alt frå større farty som hurtigruta til fjordabåtar, frakdebåtar og agentbåtar.

Forfattaren har eit mål med dette arbeidet. Det er å synleggjera det store arbeidet mange gjer for fartyvernet og det å ta vare på eldre rute- og frakdebåtar. For mange er det store prosjekt som krev fagkunnskap, uthaldenhet

og ein solid organisasjon. Galeas GURINE er eit av mange farty som vert omtalt. Det same er nokre av dei mange agentbåtane som større kjøpmenn i Bergen brukte for å syna fram varene sine.

Om nokre dagar vil den nye boka vera på plass hos bokhandelen i Rosendal og på Husnes. Dei som ynskjer signert bok, kan sjå fram til dag og tid då Sætre kjem til Uskedalen.

Tekstnett: Kristian Bringedal

Foto: Kristian Bringedal/ Omslaget av boka



Harald Sætre slik vi kjenner han frå arbeidet med restaurering og drift av GRANVIN og STORD 1.